

## KALKING OG KALKVERKNAD.

### RETTING OG SUPPLEMANG.

Eg er gjort merksam på at eit avsnitt i artikkelen «Kalking og kalkverknad — samt ymse jordbetring på myr», kan gi høve til mis-tyding og skal koma med fylgjande supplemang.

Det gjeld eit avsnitt — som vel er noko avstytt og kanskje uriktig forma — på side 117 i «Meddelelser fra Det norske myrselskap» nr. 4, 1953 (side 15 i sertrykket). Det står nemleg:

«Det vil soleis ikkje svare seg å tilføre så mykje kalk at kolloidene i jorda vert mætta — og ein til og med kan få frie kalkjoner i jordvæska». Serleg siste del om dei «frie» kalkjoner skal vera uriktig etter vanleg meinung. Som grunngjeving for at det vart forma slik — berre dette:

Det var serleg ei svensk avhandling «A och O i kalkfrågan» av agr. lic. Sven L. Jansson — i «Växtnäringssnytt» (hefte 3, 1952) eg gjorde bruk av til forklaring av kalkverknaden i jorda, både av den grunn at avhandlinga er heilt ny, er skiven av ein av Sverikes fremste fagmenn når det gjeld kalkingsspørsmålet — og etter mi meinung gir ei god praktisk-vitskapeleg forklaring på ymse spørsmål om kalking og kalkverknad. Ein kan soleis ikkje koma frå å ta med eit par korte avsnitt frå denne avhandlinga — i original:

#### 1. *«Det lämpligsta kalktilståndet».*

«Det är dock inte önskvärt att koloidsyrorna äro fullständigt mättade med kalciumjoner, de skola nämligen också ha utrymme för och kvarhålla andra metalljoner, som äro växtnäringssämnen. Det gäller bl. a. kalium, magnecium, mangan, koppar, jarn, zink och kobolt.»

«Det har visat sig, at en jord vars koloidsyror till drygt två tredjedelar äro mättade med kalcium och förövrigt med de nyssnämnda näringssämnen samt i nogen grad med vätejoner är den gynnsammaste för växtodlingen. En sådan jord har alla de goda egenskaper som följer med kalciummättade koloidsyror, men lämnar samtidigt gott utrymme för andra betydelsefulla metalljoner. Den har med andra ord det lämpligsta kalktilståndet. Dess pH värde ligger i regel omkring 6,5.»

#### 2. *«Överskott på kalk i jorden».*

«Ännu mindre önskvärt än att koloidsyrorna äro helt kalciummättade är det att jorden är övermättad med kalcium. Detta innebär at ett överskott av basiska kalciumföreningar finnas i jorden och så fort som en plats på koloidsyrornas yta av någon anledning

blir ledig, finns det en mangfald kalsiumjoner färdiga att inntagna den.»<sup>1)</sup>

«En sådan övermättad jord säges innehålle överskott på kalk<sup>2)</sup> och denna består av kalciumkarbonat<sup>2)</sup> samma kemiska förening som i bergarten kalksten. En jord som innehåller överskott på kalk har et reaktionstal mellan 7—8,5.»

Ein har vilja referera desse to avsnitt i nemnte svenske avhandling såvidt utførleg for å ettervisa kva den stød — og grundar seg på ovannemnte «uriktige» passus i artikkelen «Kalking og kalkverknad».

Tek ein ikkje mykje feil — går det fram av ovanståande utdrag at ein har å rekne med joniserte basiske kalciumbindingar i jorda når kalkinnhaldet ligg omlag ved koloidsyrernes mæettingspunkt, medan regulært overskott er kalciumkarbonat som vel oftast er ganske svakt jonisert. Det uriktige er vel at det ikkje er nemnt i artikkelen at overskott av kalk i jorda er å finna som kalciumkarbonat (kolsur kalk). Dette burde sjølsagt ha vori med.

Frie kalsiumjoner ( $\text{Ca}^{++}$ ) finn ein nok elles i jordvæska i alle høve — også før koloidsyrerne når  $\frac{2}{3}$  mæettingsgrad. Men mengda — og aktiviteten aukar sjølsagt etter kvart koloidsyrene nærmar seg full mæetting.

Det er vidare nemnt på side 127 i Meddelelser (side 25 i sertrykket) at verknaden av små mengder mineraljord (4—5  $\text{m}^3$  pr. dekar) til å bøta klorose (jarnmangel) på havre og enggras (timotei m. fl.) skulde vera meir ein emne-(stoff)verknad — enn ein rein fysisk verknad. At dette er så serleg uriktig har ein noko vandt for å innsjå — all den tid ein må gå ut frå at denne verknaden er både/og. Dette er også nemnt i siste passus i avsnitt 3 på nemnte side.

Forsøka på Smøla har elles ikkje — etter det ein til no veit — gjevi fullgodt grunnlag til å døma om kva denne verknaden av mineraljorda kontra ymse kjemiske jarnbindingar grundar seg på.

Mære i september 1953.

Aksel Hovd.

---

<sup>1)</sup> Understreka av referenten.

<sup>2)</sup> Understreka av forfattaren.

---